

Fra: Øivind Rune Bjørkås (Oivind.Rune.Bjorkas@hfk.no)
Sendt: 04.03.2014 08:37:07
Til: 'Johansen, Line Margrete (NO - Bergen)'
Kopi: Ronny Skaar; Anna Elisa Tryti

Emne: verifisering datadel

Vedlegg:

Hei,

Under følger merknader til datadel og svar på spørsmål knytt til tilskottsforvaltninga.

Mvh

Øivind Bjørkås

Verifisering av utkast til revisjonsrapport , tilskottsforvaltning innanfor kulturområdet - datadel.

Det vert vist til e-post om verifisering av utkast til revisjonsrapport . Frist for verifisering er sett til 7 mars 2014. For rapporten sin datadel (kap 4) er det bedt om snarare tilbakemelding. I tillegg til verifisering av data delen vart det i e -posten stilt tre spørsmål knytt til sakshandsaminga. Under følger fyrst merknader til rapporten sin datadel og deretter svar på nemnte spørsmål.

Datadel:

Ved gjennomgang av datadelen er det ikkje funne reine faktiske feil. Det er jamvel ein formuleringar som bør presiserast for å gje eit rett heilskapleg bilete.

På side 22, anna avsnitt fyrste setning heter det: *Fylkeskommunen har ikkje eit system for å registrere mottatt rapportering og/eller for å følgje opp manglande rapportering.*

At det ikkje har vore noko system overhovudet er ikkje dekkjande. Rapportar vert registrert og arkivert som innkomen post. I den grad dette ikkje har vore gjort vil det vera brot på gjeldande rutinar. Det har derimot ikkje vore utarbeid skriftlege rutinar/retningsliner særskilt knytt til rapportering og handteringa/oppfølging av desse. Det har også vore for lite systematikk mellom anna knytt til gjennomgang av rapportar og oppfølging av manglande rapportering. Det vert no gjort endringar som gjer at dette vil verte betre fulgt opp, mellom anna innafor Kulturelt utviklingsprogram.

Svar spørsmål:

Sakshandsamar handbok versjon 1 ,(dok. Senteret 31.12.2013) er utarbeid og lagt inn i kvalitetssystemet. I denne er overgangen til Ephorte innarbeid , mellom anna regler om sak/arkivsystem i Ephorte. Dokumentet følger vedlagt.

Ved handsaminga av tilskotssakar er det viktig at samlege søknadar vert lagt fram samla for Kultur- og ressursutvalet. Dei aktuelle tilfella gjeld ålmenne kulturføremål/born og unge der søknadar ved ein feil vart utelatt frå saka. I praksis har dette vore løyst ved at saka vart vurdert opp mot retningslinene for ordninga i samband med handsaminga av potten « til rådvælde». Dette er ikkje nokon fullgod

ing. For kulturforvaltninga har det jamvel vore viktig å sjå til at ikkje privat part lid skade som følge av feil frå vår side. Med eit betre elektronisk sakshandsamingssystem vil risikoen for slike feil verte vesentleg mindre. Dette har vore påpekt frå seksjonen ved fleire høve.

Ved en feil vart to av søkjarane til ordninga «Lokale kulturhus» handsama under ordninga «Kulturbygg med regionale funksjonar». Dette vart oppdaga etter at sakene var sende ut til Kultur- og ressursutvalet. Sakene vart utsett slik at dette kunne korrigerast. I saka om kulturhus med regionale funksjonar var det i tillegg ikkje teke omsyn til ein avsetning på 1.700.000kr til Grieghallen, noko som også vart korrigert. Kontrollutvalet vart - etter førespurnad - informert om saka på møte den 24.10.13.